



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 22.11.2021

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2021 – AKSNESET – SLÅTTEENGA – BN00079412

Dykkar ref. 2021/286.

Slått

Det blei slått eit lass 21.7., den delen som er nærast fjøset og bekken. Dette arealet har hatt restaureringspreg tidlegare, men nærmar seg resten av arealet når det gjeld karplantene. Det tar vi som teikn på at slått av dette arealet før det andre, med etterfølgjande breiing av gras frå «den gode del» har gjeve resultat. No kan ein nøye seg med å legge igjen det beste frå restaureringsarealet. Dugnadsslåtten for mesteparten av arealet blei gjort 18.9. og siste graslasset blei køyrt vekk 20.9. Med sein slått var nesten alt godt avblomstra.

Eit lite hjørne opp for våningshuset blei ikkje slått. Der er det liljekonvall ein ikkje vil ha inn i hesteforet, og det blei ingen tur seinare for å ta unna dette, sidan det ikkje var meir timar igjen i løyvinga. Det blei heller ikkje slått noko nede ved fjøset.

Alt graset, 3 tilhengarlass (eitt mindre enn i fjor), blei levert til hestefôr.

Hogst

Det var søkt om middel til hogst, men det blei ikkje løyvd noko.

Behov

Framleis går det an å rydde meir mot bekken. Krattskogen veks både på nedsida og langs bekken, og delvis på oversida, så ryddebehovet aukar.

Det er truleg at 2021 er siste året i skjøtselsavtala. Vi veit ikkje av noko anna enn at skjøtselen kan halde fram som no.

Arbeidsinnsats

Det er budsjettert med 16 timar på slått og administrasjon i år, og faktisk medgått 19. Dette gjev meirforbruk samanlikna med budsjettet.

Artsregistreringar

Det blei søkt om eit insektsprosjekt, men ein fekk ikkje noko løyving til dette. For å få eit godt prosjekt, blei det sett i gang alt i april. Naturvernforbundet dekkjer difor dette prosjektet sjølv. Rapport er sendt til Sabima som har støtta eit anna prosjekt som vi har samarbeida med.

Miljøfaglig Utredning var innom lokaliteten på si soppsamling for tilsette. Såleis er det registrert ein god del artsfunn i løpet av dette året.

Det er lagt inn artsregistreringar på www.artsobservasjoner.no også dette året.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Foto tatt 29.7.2021 Øystein Folden. Slåtten er så vidt påbegynt. Her det nedre området nærast bekken, som er rydda ein del og fått låne litt gras frå resten av teigen til frøing dei siste åra.



Figur 2. Foto 18.09.2021 Øystein Folden. Dugnadsslått.



Figur 3. Foto 18.09.2021 Øystein Folden. Dugnaden er godt i gang, graset blir henta etter eit par dagar.